



# Fjord kommune

Arkiv: PLANID-202301,  
PLANNAVN-  
Blomgjerda  
hyttefelt,  
PLANTYPE-35,  
GBN-10/1  
JournalpostID: 24/1674  
Saksbehandlar: Daria Klymenko  
Dato: 06.02.2024

## Saksframlegg

### Planprogram - Detaljregulering for Blomgjerda, del av gbnr. 10/1- planid 202301

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
019/24	Formannskapet	29.02.2024

#### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.02.2024	Detaljplan Blomgjerda, del av gbnr. 10_1 Fjord kommune - planprogram_2024.02.05	1431472
06.02.2024	DP Blomgjerda, del av gbnr. 10_1 - plangrense_gråtone_2024.02.05	1431473
06.02.2024	DP Blomgjerda, del av gbnr. 10_1 - plangrense_regplan_2024.02.05	1431474
06.02.2024	DP Blomgjerda, del av gbnr. 10_1 - plangrense_flyfoto_2024.02.05	1431475
06.02.2024	DP Blomgjerda, del av gbnr. 10_1 - plangrense_komplan_2024.02.05	1431476
06.02.2024	Detaljplan Blomgjerda, del av gbnr. 10/1 - merknadsvurdering planprogram - 16.01.24	1431477
06.02.2024	Fråsegn - grunngiving for krav om kartlegging av naturmangfald - Fjord 10/1 - detaljregulering Blomgjerda	1431478
06.02.2024	Fråsegn - oppstart - detaljplan - reguleringsplan - Fjord 10/1 - detaljregulering Blomgjerda - høyring planprogram - Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	1431489
06.02.2024	NVE sin uttale - Varsel om oppstart - Detaljregulering - Blomgjerda - del av gnr. 10 bnr. 1 - Fjord kommune	1431490
13.02.2024	Behandling av prinsipp om planoppstart - Planinitiativ for Blomgjerda hytte- og bustadområde	1432026
13.02.2024	Uttale til detaljplan Blomgjerda - Varsel om oppstart av planarbeid Fjord kommune_Mattilsynet	1432082
13.02.2024	Fjord kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 101 - Blomgjerda - fråsegn til oppstart_FK	1432083
22.02.2024	SVV	1432084

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune fastset med heimel i pbl. §§ 4-1 og 12-9 planprogram for Detaljregulering for Blomgjerda, del av gbnr. 10/1 - planid 202301, dagsett 05.02.2024 som styrande for vidare prosess.

**Formannskapet 29.02.2024:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

**FS- 019/24 Vedtak:**

Fjord kommune fastset med heimel i pbl. §§ 4-1 og 12-9 planprogram for Detaljregulering for Blomgjerda, del av gbnr. 10/1 - planid 202301, dagsett 05.02.2024 som styrande for vidare prosess.

**Sakgrunnlag:**

Saka gjeld fastsettjing av planprogram for Detaljregulering for Blomgjerda, del av gbnr. 10/1 - planid 202301. Jfr. plan- og bygningslova § 12-9 skal det utarbeidast eit planprogram for planar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Jfr. pbl. § 4-1 skal planprogrammet gjere greie for føremålet med planarbeid, planprosess med fristar og deltakarar, medverknad i planprosessen som er spesielt retta mot grupper som er anteke å bli særleg råka, alternativer som har vore vurdert og høve til utgreiingar. Planprogrammet for Detaljreguleringsplan for Blomgjerda del av gbnr. 10/1 skal gje oversikt over desse punkta og sette opp ein ramme for vidare planarbeid.

**Saksopplysningar:**

Det har vore tidlegare handsama prinsipp av planoppstart for detaljreguleringsplan (FS-029/23) grunna at planens føremål (bustadar/ fritidsbustadar) var i strid med arelbruksområdet avsett i kommuneplanen (*LNF/ LNF med spreidd boligbebyggelse*). Det vart vedteke i kommunen oppstart av reguleringsarbeidet under følgjande vilkår:

- Full dyrka jord som blir råka av utbygging av bustadområde må plasserast om eller eventuelt brukast ved restaurering av eit landbruksareal i kommunen.
- Planområdet skal ikkje råka verna vassdrag med tilhøyrande kantområdet.
- Friluftsområde og naturomgivnadane skal takast vare på i størst mogleg grad.
- Det blir utarbeida heilskapleg plan for vatn og avlaup, handtering av overvatn og naudsynt infrastruktur samt leikeområde.

Føremålet med planen er å tilretteleggje for bustad- og fritidsbustadutbygging med naudsynt infrastruktur. I perioden 05.10.2023 - 17.11.2023 var det varsla oppstart av planarbeidet og det kom inn fleire innspel/ varsel om motsegn, som det vart teke omsynet til i utarbeiding av planprogrammet.

Planprogrammet er justert etter innhaldet i merknadene. Endringane som er gjort er i hovudsak følgjande:

1. Uttak av arealet med dyrkamark frå planområdet med påfølgjande justering av plangrensar.
2. Nedjustering av arealet med bustadføremål.
3. Meir detaljert beskriving av trafikktryggingstiltak i planområdet.
4. Mindre justering av plan for medverknad knytt til barn- og unges interesser i arealplanlegginga.
5. Spesifisering av utgreiingsbehov når det gjeld naturmangfald.
6. Revidering av fremdriftsplan.

Høyringsmerknadar og vurdering av innspel med kommentarane er vedlagt saksframlegget som eigne dokument.

Tentativ framdriftsplan ser slik ut:

Framdriftsplan	2023				2024												2025	
	sept	okt	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des	jan	
Oppstartsmøte med kommunen	9.mar																	
Politisk handsaming oppstart	20.apr																	
Utarbeiding av planprogram																		
Varsling oppstart/høyring av planprogram			6 veker															
Administrativ handsaming planprogram																		
Fastsetting planprogram																		
Utarbeiding av plandokument																		
Administrativ handsaming offentleg ettersyn																		
Politisk handsaming offentleg ettersyn																		
Offenteleg ettersyn																		
Administrativ handsaming vedtak																		
Vedtak av plan																		
Klagefrist																		3 veker

### Saksvurdering og konklusjon:

Tidlegare i planprosessen kom det innspel frå administrasjon om å inkludere arealet med bustadføremål i planområdet grunna aukande behov for bustadar i Fjord kommune, som har vøre stadfesta av formannskapet i sak FS 029/23. Jfr. hovudmål 1 i samfunnsdelen skal alle ha ein god og trygg bustad. Tilgang til bustadtomtar og bustadar i kommunen vil oppretthalde stabil folkevekst og famtidig samfunnsutvikling som er særst viktig for folketalsutviklinga i kommunen. Gjennom planarbeid oppmodar kommunen private grunneigarar og utbyggarar om å engasjere seg i det viktige arbeidet. Vi oppmodar derfor forslagsstillaren om å tilrettelegge for fleire bustadar i planområdet der det er hensiktsmessig.

Administrasjonen vurderar at planprogrammet gjev grundig oversikt over rammar for planprosessen. Innspela er tilstrekkeleg svart ut i denne omgang og i nødvendig grad innarbeidd i planprogrammet som skal leggest til grunn for den vidare planprosessen. Administrasjonen rår til at planprogram for Detaljregulering for Blomgjerda, del av gbnr. 10/1, datert 05.02.2024, blir fastsett med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Bjørn Inge Ruset  
kommunedirektør